

## KORT OMTALE AV PROSKJEKT SOM HAR FÅTT TILDELTE SÅKORN MIDLAR I 2015

Skjemaet skal brukast som informasjon til nettstaden til Program for pasienttryggleik i Helse Vest

### Prosjektnamn

Sjekklistebasert oppfølging av revmatologiske pasienter på biologisk behandling ved Haukeland Universitetssjukehus

**Prosjekteigar** (helseføretak, avdeling og eining som er ansvarleg for prosjektet)  
Helse Bergen / Revmatologisk avdeling / Clara Gram Gjesdal

### Prosjektleder (kontaktperson)

Namn: Overlege dr med Bjørg-Tilde Fevang

E-postadresse: bjorg.tilde.svanes.fevang@helse-bergen.no

### Kort om bakgrunnen for prosjektet

Frå dei først blei tatt i bruk i 1999, har dei biologiske legemidla revolusjonert behandlinga av kronisk inflammatorisk leddsjukdom, for eksempel leddgikt og Mb Bechterew. Ca 30% av pasientane med inflammatorisk leddsjukdom behandlas nå med biologiske preparat og vår avdeling har ansvaret for ca 1200 slike pasientar. Dei biologiske legemidla står fortsatt på Legemiddelverkets liste over legemiddel under særleg overvaking.

Utvikling av antistoff mot medikamentet kan gi tap av effekt og økt risiko for biverknader. Det er viktig at pasientane er inkludert i nasjonale registre for å vurdere førekomst av sjeldne biverknader og effekt over tid. Prosjektet er satt i gang for å sikre ei god og systematisk oppfølging av disse pasientane.

### Mål for prosjektet

Sikre systematisk oppfølging av pasientar som står på biologisk behandling for inflammatorisk leddsjukdom. Oppfølginga skal sikre:

1. komplette data i nasjonalt register og regional biobank for å følge effekt og biverknader
2. fleire pasientar med lav sjukdomsaktivitet ved målstyrt behandling og vurdering av indikasjon for å skifte medikament (ev dreie mot rimeligare alternativ)
3. at pasientar har effektiv utnytting av medikamenta, måling av medikamentantistoff for vurdering av medikamentsvikt/overbehandling/ risiko for biverknader
4. best practice med omsyn til førebygging av følgjesjukdom (hjerte-karsjukdom og beinskjørhet –innsetting av førebyggande tiltak med råd om kosthold, røykeslutt, trening)
5. kvalitetssikra bruk av sjukepleiarar i oppfølging på poliklinikken (fagutvikling). Då faget blir meir poliklinisk med årene er kvalifiserte sjukepleiarar ein viktig ressurs i behandlinga av revmatikare framover.

### Metodisk tilnærming og måling av effekt

Prosjektet vil nytte forbedringsmodellen og PDSA følgjes, endepunkta er målbare.

Planlegginga inneber:

1. Opplæring av sjukepleiarar i kontroll av revmatologiske pasientar – fagutvikling
2. Utforming av sjekklister for leger og sjukepleiarar
3. Styrt innkalling av pasientane slik at vi setter opp time ved lågaste medikamentnivå, rett før neste dose av medikamentet - logistikk.

Måling av effekt:

1. Kor mange pasientar som er skåra for hjerte-kar- og brotrisiko og som har fått tiltak i forhold til dette

2. Kor mange pasientar som er inkludert i register og biobank
3. Kor mange pasientar som endrar behandling og ev endringar i kostnadsbiletet.

**Planlagt bruk av resultat i eiga eining**

Resultata vil bli brukt til å vurdere kvaliteten på vår oppfølging av pasientar som bruker biologiske preparat (sjå måling av effekt over). Informasjonen som kommer frem vil danne grunnlag for forbetningsarbeid.

**Overføringsverdi / overføring av kunnskap til andre einingar i regionen**

Prosjektet kan bane vei for ein standardisert årskontroll av revmatologiske pasientar i eige føretak og i tilsvarande revmatologiske avdelingar i Haugesund, Stavanger og Førde. Prosjektet har også overføringsverdi for oppfølging av pasientar med andre kroniske sjukdomar. Prosjektet faller inn under program for pasientsikkerhet, utviklar eit standardisert pasientforløp for denne gruppa, endrar og betrar tenesta og implementerer kunnskapsbasert praksis.

**Oppstarttidspunkt** (planlagt) 01.06.2015

**Sluttidspunkt** (planlagt) 30.11.2016